

Tempoplan

Kva skjer når for skulekomitéen?

Skulekomiteen har ansvaret for å arrangere Operasjon Dagsverk på skulen. For å gjere arbeidet lettare kan de bruke denne planen som viser kva som skal gjerast, når, korleis og kven som skal gjere det! Planen tek utgangspunkt i at de arrangerer både OD-dagen og Internasjonal Uke, men fleire av punkta er også viktige for skular som kun deltek på Internasjonal Uke.

Alle skulekomitear løyser dei ulike oppgåvene forskjellig. I tillegg til denne planen er det lurt å bruke od.no aktivt og å kommunisere godt med lærarane.

Her finn dykk all informasjon om korleis ein gjennomfører od:

www.od.no/gjennomforing-av-od

Har dykk spørsmål kan de vende dykk til:

Anna Kårstad Sunde

Lærer og skulekomitéansvarleg i Hovudkomitéen 2022

980 53 770 / anna@od.no

Eller Distriktskomitéen i dykkar distrikt.

Forkortningar:

OD = Operasjon Dagsverk

Skulekomité = SK

Distriktskomité = DK

Internasjonal Uke = IU

IU-ansvarleg = Internasjonal Uke ansvarleg

Info-ansvarleg = informasjonsansvarleg

NÅR	KVA	KVEN	KORLEIS?
Etter skulekomitèen er oppretta	<ul style="list-style-type: none"> Fordel ansvarsområder 	Heile SK	Leiar, Økonomiansvarleg, Informasjonsansvarleg, Internasjonal Uke-ansvarleg, OD-dag-ansvarleg, Jobb-ansvarleg og Formidlingsansvarleg. De kan også tilpasse dette ut i frå behova på dåkka sin skule.
	<ul style="list-style-type: none"> Snakk med leiinga og be dei sette av tid til Internasjonal Uke (mellom 17.-28. Oktober) 	Info-ansvarleg	Be lærarane og leiinga fastslå datoar de kan bruke til Internasjonal Uke slik at dykk kan starte planlegginga. Send gjerne ut eit skriv/e-post til alle lærarane på skulen og informer om OD. Det finst mal til skriv under "ressurser til arrangement" på od.no
	<ul style="list-style-type: none"> Sjekk ut skulesida på Spleis og bli kjend med den 	OD-dag-ansvarleg, jobbansvarleg og Økonomiansvarleg	Den ansvarlege læraren for påmeldinga får lenke på e-post, og deler den med dei som skal ha tilgang. Om lenka kjem på avveie, ta kontakt med hei@spleis.no for å få generert ei ny!
	<ul style="list-style-type: none"> Gjer dykk kjend med materiell og ressursar til årets OD 	Heile SK	De mottek trykka materiell til skulen i slutten av august/starten av september. Digitale ressursar til planlegging, gjennomføring og undervisning ligg på od.no
	<ul style="list-style-type: none"> Ta kontakt med din distriktskomitè og informer om at de har laga ein skulekomitè og kven dykk er 	Leiar	På od.no/kontakt finn du kontaktinfo til dykkar distrikt.

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Delta på skulekomité-seminaret 	Heile SK	<p>Det vil bli sendt ut invitasjonar med link til påmeldingsskjema på e-post til skulen. Spør leiinga eller kontakt DK. OD arrangerar også digitalt SK-sem, så dersom det blir vanskelg å delta på fysisk SK-sem, delta gjerne på digitalt!</p> <p>Oppfordre ansvarslæraren til å delta på lærarwebinar.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Byrje å skaffe jobbar til dei som ikkje finn sjølv 	Jobbansvarleg	<p>Ring rundt / send mail til bedrifter o.l. og høyr om dei har moglegheit til å ta inn elevar på OD-dagen. Det finst mal til skriv under "ressurser til arrangementen" på od.no</p> <p>På od.no/jobber ligg det ledige jobbar.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Informer om Spleis 	Heile SK/jobbansvarleg	<p>Elever som skal jobbe på OD-dagen må registrere seg på spleis.od/no. Alternativt kan dykk lage klassevise prosjekt, eller prosjekt for skulen på spleis. Les meir på od.no/jobb.</p>
Før Internasjonal Uke	<ul style="list-style-type: none"> ■ Søk pengestøtte frå EO-fondet 	Økonomi-ansvarleg	<p>Dersom de ikkje får pengar av skulen kan det vere lurt å søke om eigne pengar frå elevorganisasjonen om skulen er medlem. Les meir på elev.no/eo-fondet</p> <p>Fristen er 1. november.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Lag program til IU 	IU-ansvarleg saman med heile SK	<p>Gå inn på od.no under ressurser til arrangement, deretter forslag til program. Samarbeid med lærarane på skulen. Det finst mykje undervisningsressurser på od.no/undervisningsressurser, oppfordre lærarane til å ta i bruk desse i si undervisning.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Bestill foredrag til IU 	IU-ansvarleg	<p>Dette bestillast på od.no/foredrag</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Hald informasjonsmøte for lærarane 	Info-ansvarleg med IU-ansvarleg	Spør om å få kome på eit lærarmøte for å snakke om OD og opplegget rundt IU. På od.no under ressurser til arrangement har vi eit foredrag de kan bruke!
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Gi informasjon til føresette 	Info-ansvarleg saman med IU-ansvarleg	Spør om å få kome på eit foreldremøte for å informere om OD. De kan også sende ut skriv/e-post. På od.no under ressurser til arrangement er det foredrag og skriv dykk kan bruke!
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Informer alle elevar om at OD skjer og del ut klasselister og eventuelt arbeidskort 	Info-ansvarleg	Gå rundt i klassen eller be lærarane formidle når OD-dagen er, at dei må skaffe seg jobb og at dei må registrere seg på spleis.no/od . For å halde oversikt, benytt klasselister som du finn på od.no , eller lag eit digitalt spørreskjema som sendast ut til elevane. Del eventuelt ut arbeidskort til dei som skal jobbe.
Under Internasjonal Uke	<ul style="list-style-type: none"> ■ Gjennomfør det planlagde programmet 	Heile SK	Få hjelp av lærarar til å føre frávær og halde orden.
Etter Internasjonal Uke	<ul style="list-style-type: none"> ■ Informere elevane om korleis ein betalar etter OD-dagen og samle inn klasselistene 	Info-ansvarleg	Ta ein ny inforunde og samle evt. inn klasselistene. Forklar at betaling gjerast på spleis, enten spleisen dei sjølv har laga eller på klassa/skulen sin om dykk har det. Arbeidsgivarar/ bidragsytera kan betale med Vipps, kort eller faktura (kun for bedrift). Siste frist for betaling etter OD-dagen er 1 desember (sjå på od.no/betaling for meir info om betaling).
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Planlegg program til opplegg på skulen for dei som vel å ikkje jobbe på 	OD-dag ansvarleg	Sjå od.no under ressurser til arrangement. Der ligger et forslag til program.

	OD-dagen		
	<ul style="list-style-type: none"> Send inn dykkar bidrag til IU-konkurransen 	IU-ansvarleg	<p>Dette er valfritt, men kult å gjere! Gå til od.no</p>
På OD-dagen	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomfør opplegg for elevane som ikkje jobber på OD-dagen 	OD-dag ansvarleg saman med heile SK	<p>Skular løyser dette ulikt. På nokon skular har SK laga klart programmet, og lærarar hjelper dei med gjennomføring. På andre skular er det SK sjølv som held heile opplegget. Finn ut kva som passar best for dykkar skule. Sjekk ut tips på "OD-dagen på skolen" på od.no Få hjelp av lærerane til å føre frávær og halde orden.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> Jobb inn pengar til årets prosjekt! 	OD-dag ansvarleg med økonomi-ansvarleg	<p>Ver tilgjengeleg for elevane på skulen om nokon treng hjelp med betaling. Kryss av på klasselista etterkvart som elevane får betalt. Dette ser du ved å søke opp elevane på skulen si side på spleis. Spør ansvarleg lærar for lenka til sida om du ikkje har den.</p>
Etter OD-dagen	<ul style="list-style-type: none"> Følg opp innbetalingar til OD innan 1. desember 	Økonomi-ansvarleg	<p>Følg opp at alle som skulle jobbe på OD-dagen får betalt. Dette ser du ved å søke opp elevane på skulen si side på spleis. Spør ansvarleg lærar for lenke til sida dersom du ikke har den NB. Alle spleisane avsluttast 1 desember om ikkje anna er avtalt med OD. Ta kontakt med OD sentralt om du treng hjelp!</p>
	<ul style="list-style-type: none"> Evaluer årets SK-arbeid, skriv rapport og reis på evalueringsseminar 	Leiar saman med heile SK	<p>Snakk om korleis gjennomføringa av IU og OD-dagen har gått. Skriv ned det som blir sagt slik at neste års SK kan bruke det. Reis på evalueringsseminar dersom det blir arrangert i ditt område.</p>
	<ul style="list-style-type: none"> Lag diplom til SK 	Leiar	<p>Det ligg mal på od.no</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Vel leiar til neste års skulekomité 	Heile SK	Vel leiar slik at ein kan kome raskt i gang med arbeidet vidare.
På vårhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> ■ Gjennomfør prosjektval på skulen 	Leiar saman med heile SK	I januar/februar er det mogleg for skulene å stemme på eit prosjekt dei ønskjer at skal bli neste års OD-prosjekt. Les meir på od.no om korleis ein kan gjennomføre ei slik avstemming.
	<ul style="list-style-type: none"> ■ Meld dykk på OD 2023 	Leiar	Snakk med leiinga og spør om å melde dykk på!

Vervoversikt

Her kjem ei oversikt over dei ulike verva, samt kva for arbeidsoppgåver som tilhøyrrer dei ulike verva. Det er svært viktig å hugse på at det å arrangere OD er noko ein skal samarbeide om, dette tilseier at ingen skal sitte med alt ansvar for noko heilt aleine. Dei som har dei ulike verva har eit overordna ansvar for at arbeidsoppgåvene under sitt verv blir gjort, dermed kan ein også delegere vekk oppgåver, så lenge ein passar på at dette blir gjort.

VERV	ARBEIDSOPPGÅVER
Leiar	<ul style="list-style-type: none"> - Sette saman SK. - Skape samhald, engasjere & motivere. - Delegere arbeid og ansvar. - Snakke med lærarar. - Vere kreativ, organisert og målretta
Økonomiansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> - Informer om Spleis og korleis elevane får betalt. - Følg opp og hald oversikt over innbetalingar for elevane som jobber på OD-dagen. - Søk EO-fondet og lag budsjett for IU på skulen.

Informasjonsansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> - Ha overordna ansvar for at informasjon blir gitt til elevar og lærarar. - Ha god kontakt med leiinga, få dei til å setje av tid til IU i god tid. - Hjelpe til med det elevane synest kan vere vanskeleg og gi dei nødvendig informasjon, for eksempel sørgje for at alle veit korleis dei betalar sine dagsverk.
Internasjonal Uke-ansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> - Ha overordna ansvar for det som skal foregå under IU. - Det ligg mykje ressursar på nettsida, ta i bruk desse! - God dialog med lærarane, oppfordre dei til å bruke OD sine undervisningsressurar. Alle undervisningsressursane er i tråd med lærarplanane, så promoter dette til lærarane. - Bestille foredrag og praktisk øvelse. - Ver kreativt, gjer IU kult og engasjerande!!
OD-dag-ansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> - Planleggje eit opplegg for dei som ikkje jobbar på OD-dagen. - Utforsk ressursane dykk kan ta i bruk på od.no. - Oversikt over kven som jobbar og ikkje. - Ha god dialog med lærarane, dei kan hjelpe til med arrangementa av opplegget for elevane som vel å ikkje jobbe på OD-dagen - Bruk elevrådet, dei har ein del erfaring med korleis nå ut til alle elevane med informasjon.
Jobb-ansvarleg	<ul style="list-style-type: none"> - Hjelpe elevar med å finne jobbar.

	<ul style="list-style-type: none"> - Hald oversikt over bedrifter/enkeltpersonar som lyser ut jobbar. - Sjekk ut om det ligg ledige jobbar på od.no/jobber. - Informere elevane om registrering av jobb på spleis.
<p>Formidlingsansvarleg</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Formidling handlar om å få ut eit budskap, så målet er at du skal få formidla OD sitt budskap ut til elevane. - Skape nærleik – finn ut kva som engasjera elevane på din skule. Bruk tematikken i årets prosjekt. - Bruk også sosiale medier. Instagram, tiktok osv. - Kontakt pressa, få for eksempel lokalavisa til å komme og lage ein sak om alt det kule dykk gjer i løpet av IU. - God kommunikasjon, både innad i SK, med elevane, men også med lærarane.

Det er ingen fasit på korleis IU skal sjå ut, korleis elevane jobbar på OD-dagen, eller korleis opplegget til elevane som vel å ikkje jobbe skal leggjast opp. På nettsida finn dykk mykje gode ressursar, for eksempel programforslag til IU. Bruk ressursane til inspirasjon!

Alle skular er ulike, så finn ut korleis dykk kan arrangere OD på best mogleg måte på dykkar skule, for å nå ut til flest mogleg, engasjere og formidle budskapen.

Ver kreativ, gjer OD til dykkar eige og skap nærleik til prosjektet<3